Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18 | Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Mo

Emne: Jultre og julehalm | Bygdelag: Skafså

Oppskr. av: O. O. Bergland | Gard: Bergland

(adresse): Åmdalsverk | G.nr. 63 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Joletreet er no ålment i bygdi.
2. Joletre vart brúka for omlag 55 år sidan.
3. Det vart fyrst brúka på festar for skúleborni på fest i fråhaldslagi og liku.
4. Er ikkje kjent her i manns minne; men det kan nok vera brúkt i eldre tid; for eg veit mor gjorde halmkrúnor, men ikkje nett til jole-pynt. Halmkrúna hengde dei i ein krok i himlingi.
5. Er úkjent.
6. Storleiken rettar seg etter romet. Skal det vera inni stoga, må det vera lite; men er det i ei skúlestove kan det vera stort.
7. Dei pyntar det med ymse stas av papir, kjöpestas og ljos. Ljos må det vera elles bli det

5793

ikkje festelegt.

8. Treet bli pynta både av vaksne og born.

9. Er det lite står det på eit bord, er det for stort til det, står det på golvet i ein trekross.

10. Ljosi vert tende jolaftan, joledagskvelden, nyårseftan og tolvteftan. Det kan ogso vera tende fleire kveldar serleg der som er born.

11. Dei går rundt treet og syng vanlege jolesongar som t. d.: No koma guds englar, Deilig er den himmel blå, Jeg er så glad hver julekveld m. m. fl.

12. Som regel til over trettande jol.

13. Er det fest-joletre, haustar dei vaksne det og deilar det ut til borni. Er det eit lite i heimen, haustar borni det. Me seier haustar treet.

14. Altid gran

15. Er ukjent her.

16. Er ogso ukjent.

Spursmål 1, 2, 3 og 4 kjenner eg ikkje noko til.

5793

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING